

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd

2017/EØS/6/07

av 24. august 2012

om endring av vedtak 2007/453/EF med omsyn til BSE-status for Austerrike, Belgia, Brasil,
Colombia, Kroatia og Nicaragua

[meld under nummeret K(2012) 5860]

(2012/489/EU)(*)

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 999/2001 av 22. mai 2001 om fastsettelse av regler for å forebygge, bekjempe og utrydde visse typer overførbare spongiform encefalopati⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 2 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I forordning (EF) nr. 999/2001 er det fastsett regler for å forebygge, motkjempe og utrydde spongiform encefalopati som kan overførast (TSE) hjå dyr. For dette føremålet skal statusen for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane (heretter kalla «statar eller regionar») med omsyn til bovin spongiform encefalopati (BSE) fastsetjast ved at dei vert klassifiserte i éin av tre kategoriar etter BSE-risiko: svært liten risiko, kontrollert risiko og ikkje-fastsett risiko.
- 2) Vedlegget til kommisjonsvedtak 2007/453/EF av 29. juni 2007 om fastsetjing av BSE-status for medlemsstatar eller tredjestatar eller regionar i desse statane på grunnlag av BSE-risikoen deira⁽²⁾ inneheld ei liste der statar eller regionar er oppførte på grunnlag av statusen deira for BSE-risiko.
- 3) Verdsdyrehelseorganisasjonen (OIE) spelar ei leiande rolle når det gjeld inndeling av statar eller regionar i kategoriar på grunnlag av BSE-risikoen deira. I lista i vedlegget til vedtak 2007/453/EF er det teke omsyn til resolusjon nr. 17 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemmer, vedteken av OIE i mai 2011, når det gjeld BSE-status for medlemsstatar og tredjestatar.

- 4) I mai 2012 vedtok OIE resolusjon nr. 16 om sannkjenning av risikostatus for bovin spongiform encefalopati hjå medlemsstatar. I denne resolusjonen er Austerrike, Belgia, Brasil og Colombia førte opp med ein svært liten BSE-risiko, og Kroatia og Nicaragua med ein kontrollert BSE-risiko. Lista i vedlegget til vedtak 2007/453/EF bør difor endrast slik at ho vert i samsvar med resolusjonen når det gjeld dei nemnde medlemsstatane og tredjestatane.

- 5) Vedtak 2007/453/EF bør difor endrast.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

TEKE DENNE avgjerda:

Artikkel 1

Vedlegget til vedtak 2007/453/EF vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 24. august 2012.

For Kommissjonen

John DALLI

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 231 av 28.8.2012, s. 13, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 2/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 147 av 31.5.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 172 av 30.6.2007, s. 84.

VEDLEGG«*VEDLEGG*»**LISTE OVER STATAR ELLER REGIONAR****A. Statar eller regionar med ein svært liten BSE-risiko***Medlemsstatar*

- Belgia
- Danmark
- Austerrike
- Finland
- Sverige

EFTA-statar

- Island
- Noreg

Tredjestatar

- Argentina
- Australia
- Brasil
- Chile
- Colombia
- India
- New Zealand
- Panama
- Paraguay
- Peru
- Singapore
- Uruguay

B. Statar eller regionar med ein kontrollert BSE-risiko*Medlemsstatar*

- Bulgaria, Tsjekkia, Tyskland, Estland, Irland, Hellas, Spania, Frankrike, Italia, Kypros, Latvia, Litauen, Luxembourg, Ungarn, Malta, Nederland, Polen, Portugal, Romania, Slovenia, Slovakia, Det sameinte kongeriket

EFTA-statar

- Liechtenstein
- Sveits

Tredjestatar

- Canada
- Kroatia
- Japan
- Mexico
- Nicaragua
- Sør-Korea
- Taiwan
- Sambandsstatane

C. Statar eller regionar som det ikkje er fastsett BSE-risiko for

- Statar eller regionar som ikkje er førte opp under bokstav A eller B i dette vedlegget.»
-
-